



Høyanger Senterparti

Kommunevalprogram 2019 - 2023


Kommunevalprogram 2019 - 2023

Nærleik til gode omsorgstilbod, barnehage og skule er viktig for alle innbyggjarane i kommunen vår. Senterpartiet vil arbeide for levande bygder og auka busetting i heile nye Høyanger kommune. Vi skal ha byggeklare bustadtomter i dei ulike bygdelaga.

Det er samanheng mellom den nasjonale politikken og utvikling og busetting i ein kommune som Høyanger. For å demme opp for ein stadig sterkare sentraliseringsvilje trengst eit sterkt Senterparti både i kommunen, i fylket og på landsplan.

Høyanger Senterparti vil ta innbyggjarane sine meiningar på alvor og vere løysingorienterte i den kommande kommunestyreperioden.

Vi er nær i heile kommunen med kandidatar frå Lavikdal, Lavik, Vadheim, Kyrkjebø, Høyanger, Nessane, Ortnevik, Østerbø, Bjordal, Ikjefjord



Skule og barnehage

Born og unge skal ha eit tilfredstilande utbyte av undervisning og om-sorg i gode lokale og stimulerande utedmiljø. Vi skal ha godt utdanna og motiverte leirarar, pedagogar og assistenter i barnehage og skule.

HØYANGER SENTERPARTI VIL:

- Oppretthalde barnehagane og skulane våre
- Tilby full barnehagedekning med tilbod om plass i nærmiljøet
- Ha ei god og fleksibel SFO-ordning utan nedre grense på tal barn
- Syte for at skulane våre er ein attraktiv arbeidsplass for godt kvalifisert personale
- Sikre ei god ordning med helsejukepleiar og skulehelseteneste på alle skulane i Høyanger kommune
- Jobbe for at Høyanger vgs har eit så godt tilbod at flest mogeleg ungdommar vil velje skulen
- Inkludere alle barn og unge til eit godt og aktivt fritidstilbod.
- Legge til rette for, og støtte nærmiljøanlegg i dei ulike bygdelaga.



Helse og omsorg

Vi vil tilby eit godt tilbod innan primærhelsetenesta, omsorgsbustader og sjukeheimspllassar. Sikre at born og unge får god oppfølging gjennom skulehelsetenesta, særleg med tanke på ei god psykisk helse.

HØYANGER SENTERPARTI VIL:

- Ha eit godt, stabilt og desentralisert legetilbod
- At kommunen skal ha godt utstyrte og oppdaterte utekontor for å tilby likeverdige tilbod på legekontor, psykolog, helsestasjon og jordmortenester.
- Arbeide for god akuttberedskap i heile kommunen og behalde ambulansen i Lavik og Høyanger
- Sikre godt desentralisert tilbod om rehabilitering og fysioterapi.
- Sikre god habilitering og oppfølging for unge og vaksne med særskilte/ekstra behov gjennom eiga koordineringsstilling
- Nær og god eldreomsorg
- Sikre at brukarar veit om kommunen sitt tilbod om hjelpemiddel for å kunne bu lenger heime
- Vere pådrivar for å nytte velferdsteknologi for å betre tenestene
- Syte for at tenesteområdet helse og omsorg er ein attraktiv arbeidsplass for godt kvalifisert personale
- Arbeide vidare for å redusere omfanget av ufrivillig deltid og tilby fleire faste stillingar i kommunen.



Idrett og kultur

Idrett og kultur er viktige trivselsfaktorar for både unge og gamle i kommunen. Frivilligkeit er bærebjelken i mykje av idretts- og kulturlivet, men kommunen skal støtte opp om desse og vere ein positiv samarbeidspartner og pådrivar. For å sikre gode tilbod i lokalmiljøa må midlar fordelast på alle barn og unge i kommunen, uavhengig av bustad.

HØYANGER SENTERPARTI VIL:

- Arbeide for å auke kulturmidlane for å styrke det frivillige kulturlivet nær deg
- Bibliotekfilialane er viktige møteplassar og kulturformidlarar i lokalmiljøa - desse vil vi oppretthalde
- Satse på kulturskulen og ha tilbod i heile kommunen
- Arbeide for at kommunen overfører nok investeringsmidlar til Kyrkjelag fellesråd, slik at ein kan vedlikehalde kyrkjebygga våre

Samferdsel

Vi ynskjer utvikling i heile kommunen. Då treng vi gode vegar og eit godt buss- og hurtigferjetilbod. Dagens infrastruktur inkluderer også god framtidssretta breiband- og mobildekning, noko som er avgjerande for busetnad og auka næringsverksemd.

HØYANGER SENTERPARTI VIL:

- Arbeide for opprusting av kommunale vegar
- Få fast dekke på alle kommunale vegar
- Betre rutetilbodet Nordeide - Måren - Ortnevik
- Betre busstilbodet i kommunen: Tilpassa rutene behovet til barn, unge og eldre slik at dei kan delta på arrangement og tilbod
- Jobbe for å utvide serviceskyssen til å gjelde heile kommunen
- Arbeide for ei framtidsretta fiberløysing og mobildekning til alle husstandar og bedrifter i kommunen

Næringsliv

Høyanger Senterparti ynskjer eit levedyktig næringsliv i heile kommunen. Det er viktig å ivareta hjørnestinsbedrifter, behalde eksisterande arbeidsplassar og skape nye.

HØYANGER SENTERPARTI VIL:

- Vere pådrivar og støttespelar for framleis variert industriell produksjon i Høyanger kommune
- Arbeide for at ledig industriareal i Høyanger kommune blir teke i bruk av seriøse aktørar som kan skape næringsaktivitet og nye arbeidsplassar. Legge til rette for å regulere nye industriareal i heile kommunen.
- Omorganisere Høyanger Næringsutvikling AS (HNU) slik at vi får utnytta ressursane betre og oppnår auka samhandling mellom næringsutvikling og dei andre kommunale etatane.

Landbruk

Jordbruket er viktig for Høyanger kommune. Det er viktig at jordbruksarealet i kommunen vert oppretthalde og auka. Vi vil ha eit aktivt og variert landbruk med produksjon av mjølk, kjøt, frukt og grønt. Vi vil spele på lag med landbruksorganisasjonane lokalt.

HØYANGER SENTERPARTI VIL:

- At kommunen gir investeringsstøtte på 10 % av byggekostnadene til nybygg og fornying av driftsbygningar
- Ha eit styrka landbrukskontor som kan gi rettleiing og planleggingsstøtte til bønder som vil drive og utvikle eigen gard
- Vidareføre ordninga med å gje eit tilskot på kr 200 000 ved kjøp av gardsbruk
- Følge opp at reglane for bu- og driveplikt vert haldne. Det er viktig for å sikre kulturlandskap, levande bygder og tilflytting
- Arbeide for at gardsbruk som no vert brukt som fritidseigedommar vert gjort tilgjengeleg for folk som ynskjer å satse på gardsdrift



Miljø og berekraftig bruk av naturressursar

Vi skal ta i bruk naturressursar på ein berekraftig måte som bevarer naturmangfaldet.

Høyanger Senterparti vil ta grunneigarane og kommunen sine interesser på alvor, slik at vi i framtida og kan nytte naturressursane i vår kommune til næringsutvikling og verdiskapning.

Akvakultur

Høyanger kommune må legge til rette for vidare vekst for produksjon av sjømat med landbasert areal og fleire sjølokalitetar.

Økonomi

Kommunen må ha ei ansvarleg økonomistyring, slik at vi har økonomiske rammer i samsvar med dei oppgåvane som skal løysast. Vi må ha fokus på å redusere den høge lånegjelda og setje av midlar på fond.

Valliste



1. GEIR HELGE ØSTERBØ,
1967, ØSTERBØ



3. LEIF ARNE FURELI,
1976, VADHEIM



4. HALLBJØRG EIDHAMAR,
1971, NESSANE



2. EIRIN BORLAUG,
1982, LAVIK



5. Kristin Myren, 1982, Ikjefjord

6. Vegard Hellem, 1993, Lavik

7. Linn Elisabeth Dregelid, 1987, Høyanger

8. Einar Meek Ljotebø, 1991, Kyrkjebø

9. Aleksander H. Gjermundstad, 1987,
Høyanger

10. Inge Brekke, 1962, Ortnevik

11. Gunn Linde, 1978, Nessane

12. Øyvind Rømo, 1971, Bjordal

13. Cecilie Sande, 1984, Lavik

14. Terje Instefjord, 1965, Ikjefjord

15. Anita Taftø, 1973, Vadheim

16. Ove Sørestrand, 1961, Lavik

17. Hjalmar Haugsbø, 1992, Kyrkjebø

18. Linn Christin Fløholm, 1990, Lavik

19. Fredrik Knutssøn, 1985, Ortnevik

20. Sindre Strandos, 1985, Lavik

21. Lisa Meek Ljotebø, 1999, Kyrkjebø

22. Tarjei Ringereide, 1975, Lavik